



Den vesle nøkkelen til den store låsen

Taler
Ellen Horn

Dato
22 juni 2000

Sted
Ørsta

Omstendigheter
Tale ved opninga av Nynorsk kultursentrum

1 Ein nøkkel er ein nøkkel, ein mann er ein mann. Men dette er ingen vanleg nøkkel, og Ivar Aasen var ingen vanleg mann. Denne nøkkelen kan ikkje brukast til noko som helst. Ivar Aasens verk kan brukast til alt.

5 Om Ivar Aasen er det skrive mange og gode bøker. Med all respekt for hans mange biografar vil eg tillate meg å hevde at den beste framstillinga av Ivar Aasen er på berre ni ord. Den er så liten at den har fått plass på eit spelkort.

10 I 1986 laga biletkunstnaren Arne Bendik Sjur og forfattaren Einar Økland små personportrett i ein kortstokk dei kalla Målstokken. Ein av dei som fekk sitt kort påskrive, var Ivar Aasen. Han var sjølv sagt det dårlegaste kortet, kløver 2. Men Einar Økland gav han den beste teksten:

Ivar Aasen - den vesle nøkkelen til den store låsen.

15 Eg trur den store låsen står i ei dør som opnar ut mot den vide verda av språk, menneskeleg samvær, kulturell identitet.

20 Somme hadde kanskje venta at eit bygg for nynorsk skriftkultur skulle bli som ein bunad, med tradisjonslinjer frå treskurd og rosemåling. Men brukarane av den nynorske skriftkulturen har jo alltid vore like heimekjende i verda som i bygda. Sjølv tanken om eit nytt skriftspråk var ein moderne, framtidsretta idé. Difor kjennest det så rett at det er den poetiske modernisten Sverre Fehn som har teikna bygget og uteamfiet her i Aasen-tunet.

25 La meg få gratulere professor arkitekt Sverre Fehn med eit makelaust byggverk! Du har løyst det æresoppdraget som tidlegare kulturminister Åse Kleveland gav

deg i 1996, på ein måte ingen kunne gjort deg etter. Med rette er du blitt kalla
30 strekens poet. Eg gler meg til å sjå dei lange linjene i ditt nye kunstverk, og dei
mange detaljane som eg veit du har lagt så mykje omtanke og kunnskap inn i.
Du har funne den nøkkelen som gjer Ivar Aasen-tunet til eit byggverk som eg
trur vil verke like sterkt på publikum om femti år som i dag. Både byggherren
Statsbygg og dei mange entreprenørane har gått til oppgåva med stor respekt for
35 intensjonane og løysingane arkitekten har valt, og utan å vike frå sine strengaste
kvalitetskrav. Det takkar Kulturdepartementet for!

Her eg står, forstår eg dei som kallar denne staden for den nynorske katedralen.
Det kviler ei stemning av heilagdom, historie og høgtid over det vakre
40 vestlandstunet der vesle Ivar ein gong gjekk og tenkte sitt, nøyte skreiv ned sine
trastefangstar og laga sitt eige trykkeri med blekk av bærsoft. Samstundes minner
flydur [eit Widerøe-fly tek av nokre minutt før statsrådens tale] og sauebreking
nede i bakkane oss om kvardagens trivialitetar.

45 Dei som arbeidde fram det nynorske skriftspråket, ville ha eit språk som dugde
både til kvardags og fest. Difor blei nynorsken, eller landsmålet som det heitte
fram til 1929, ikkje berre tidleg eit offisielt språk i landet, jamstelt med
bokmålet.

50 Ved å vise at det nye språket kunne brukast til alt frå salmedikting til
bruksrettleiingar, gjorde nynorskbrukarane dette språket til ein nødvendig
føresetnad for norsk kultur og demokrati på norsk. Den store låsen opnar difor
dørene inn til livet i alt sitt mangfald.

55 Det tok til med Ivar Aasen, men nynorskens stilling i dag er resultatet av ein
imponerende kollektiv innsats. Ivar Aasen-tunet blir ei påvising av kva eit
fellesskap kan oppnå gjennom bokstaveleg talt målretta arbeid. Det arbeidet
som Ivar Aasen utløyste i 1840-åra, tek aldri slutt. Den overveldande
dugnadsinnsatsen gjennom ti år som har gjort denne nye institusjonen mogleg,
60 er eit handfast prov på den kulturelle og politiske krafta nynorskmiljøa framleis
representerer.

Dei planane Nynorsk kultursentrum har lagt fram i søknaden om driftstilskot
for 2001, vitnar om både eit høgt ambisjonsnivå og ei enorm spennvidd, frå
65 brukshus for det lokale kulturliv til arena for dei mest ulike kunstnarlege
uttrykk.

70 Den store låsen står no i inngangsdøra til Ivar Aasen-tunet. Dette skal bli eit dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur. Det betyr ikkje at nynorsken no hamnar på museum. Tvert om, Storting og regjering gjer dette fordi vi erkjenner at det tospråklege har ein verdi i seg sjølv. Det hadde eg sjølv gleda av å erfare som teatersjef ved Nationaltheatret, der vi sette opp fleire stykke av Jon Fosse side om side med dramatikk på bokmål. Når nynorsken er 75 god nok til å vise livets mange sider i den beste samtidsdramatikken som blir skriven i dag, er sanneleg nynorsken god nok i sjølv livet også.

Ved å ta lærdom av vår eigen fleirkulturelle situasjon, som nynorsken har prega så sterkt, vil vi også vere betre budde på å møte det fleirkulturelle internasjonale 80 samfunnet. Denne kulturelle spenninga mellom jamstelte målformer, med alle dei spørsmål om makt som den spenninga inneber, er med og gjer norsk kultur interessant i andre land. Til dømes er Jon Fosse i dag den mest spelte norske dramatikaren i Europa sidan Henrik Ibsen.

85 Regjeringa legg til grunn at nynorsken er komen for å bli. Med Ivar Aasen-tunet i drift vonar vi det blir lettare å styrkje den nynorske skriftkulturen og nynorskbrukarane sine reelle rettar. Både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar treng Ivar Aasen-tunet for å forstå meir av vår fortid og styre meir av vår framtid. Difor er det mitt håp at denne nye nasjonale kulturinstitusjonen opnar 90 dørene inn til den nynorske skriftkulturens mange rikdommar både for nordmenn og for dei frå andre land.

Med dette erklærer eg Ivar Aasen-tunet for opna og gir bygget vidare til eigaren, Nynorsk kultursentrum, representert ved direktør Ottar Grepstad.

95

Kilde

www.regjeringen.no

Emner

Ivar Aasen, Målsak, Nynorsk, Språksak, Åpningstale

100

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/den-vesle-nokkelen-til-den-store-lasen>

105